

## **Bø Venstre vil ha ny sjukeheim og omsorgsbustader.**

Bø Venstre vil alltid vere eit parti som tar vare på dei av oss som treng hjelp frå det offentlege. Helse og omsorg har ansvaret for svært mange som må få hjelp frå kommunen. Talet på psykisk sjuke som treng hjelp, veks i Bø, som i resten av samfunnet. Me må alltid ta vare på dei av oss som er født med - eller har pådratt seg - ein skade og treng hjelp. Dette fellesskapets ansvar vil Bø Venstre ivareta. Og me vil alltid søke etter dei smarte løysningane. Samfunnet utviklar seg, og det må også kommunens løysningar.

Bø Venstre vil alltid ivareta individet. Vi meiner at tenestene må tilpassast individet og ikkje at individet skal tilpasse seg tenestene. Variasjonen blant dei eldre og andre som treng hjelp, er like store som i befolkinga elles.

### Open omsorg:

Bø Venstre vil at innbyggjarane skal klare å bu i sin egen bustad så lenge dei ønskjer. Me veit at dei fleste ønskjer det. Men dette heng saman med trygghet for den enkelte. Dette kan skapast gjennom tilstrekkeleg hjelp i heimen, og at ein er trygg på å få institusjonsplass viss ein treng det. Korttidsavdelinga er eit lågterskeltilbod Bø Venstre ønskjer å vidareutvikle.

Bø Venstre vil ivareta løftet som blei gitt dei psykiske hjelpetilboda i opptrappingsplanen for psykisk helse. Me er i denne tenesta avhengig av spesialkompetanse, men også ein sterk grad av brukarmedverknad. Bø Venstre ønskjer et tett samarbeid med brukarorganisasjonane. Me er sikre på at det ligg veldig mykje godt psykisk helsearbeid i å få ansvar og kunne bidra for andre og samfunnet generelt. Sosial isolasjon skaper som oftast dårlig psykisk helse.

### Sjukeheimen:

Bø Venstre var med på vedtaket om å investere 145 millionar kroner til ny sjukeheim og omsorgsbustader. Gjennom denne investeringa har Bø sikra seg gode omsorgsplassar i åra som kjem.

Bø Venstre vil at den nye sjukeheimen og omsorgsbustadene skal brukast fleksibelt. Det vil seie at sjukeheimen må byggast på ein slik måte at omsorgsbustader kan brukast til sjukeheimplassar, og motsett, viss behovet blant innbyggjarane endrar seg.

Samtidig som me bygger ny sjukeheim, veit me at det blir fleire og fleire av oss som utviklar demens. For å sikre ein god omsorg for dei som vert ramma av dette, må me vidareutvikle skjerma einingar.

Bø kommune har ikkje eit eige eldresenter. Aktivitetssenteret fungerer på mange måtar som det, samtidig som bebuarane på sjukeheimen brukar senteret aktivt. Bø Venstre vil at aktivitetssenteret skal bestå.

Olav Kasland  
ordførerkandidat  
Bø Venstre